



Leiketun barnehage AS v/Lars Arne Markhus  
Holtermandsvegen 2A  
5918 FREKHAUG

Referanser:  
Dykkar:  
Vår: 14/1639 - 14/6258

Saksbehandlar:  
Bjarte Buanes  
bjarte.buanes@meland.kommune.no

Dato:  
28.04.2014

## Søknad om tillatelse til tiltak uten ansvarsrett

Det vert vist til motteke søknad dagsett 3.4.2014 om løyve til oppføring av ei leikehytte på gbnr. 23/1 i Meland kommune.

I telefonsamtale med dykk 23.4.2014 påpeika kommuneadministrasjonen at det omsøkte tiltaket er i strid med arealformålet i gjeldande reguleringsplan:

Situasjonskartet som er vedlagt søknaden viser at leikehytta er planlagt plassert innanfor eit areal som i *Reguleringsplan for Frekhaug senter/vest* er avsett som «jordbruksområde», jf. arealplanID 125619951011.

Vidare inneheld planen følgjande føresegn, jf. § 8:

**Jordbruksområde kan berre nyttast til jordbruk. Bygningar kan ikkje oppførast i området dersom det ikkje er naudsynt for drift av jorda.**

Den planlagde leikehytta er på denne bakgrunn avhengig av enten ei omplassering til eit område som tillèt slik oppføring eller at det vert omsøkt og gitt dispensasjon frå arealformålet i reguleringsplanen.

Dykkar søknad vert etter dette lagt i kommunen sitt ventearkiv i påvente av at det vert søkt om ei anna plassering eller dispensasjon frå gjeldande reguleringsplan.

Ta gjerne kontakt med underteikna ved spørsmål til merknadane ovanfor.

Med venleg helsing

Bjarte Buanes  
byggjesakskonsulent/juridisk rådgjevar

*Dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.*

---

#### Postadresse

postmottak@meland.kommune.no  
Postboks 79, 5906 Frekhaug  
Besøksadr: Havnevegen 41 A  
5918 Frekhaug

#### Kontakt

www.meland.kommune.no  
Telefon +47 56 17 10 00  
Telefaks +47 56 17 10 01

Konto 1503 18 83722  
Org.nr. 951 549 770

Kartinfo: [www.nordhordlandskart.no](http://www.nordhordlandskart.no)



